



Valle og Hylestad

Sokneråd

4747 Valle

TLF: 480 69 694

E-post: post@valle.kyrkja.no

MØTEBOK SOKNERÅDSMØTE 14. ^{NDV}OKT KL 1600

STAD: kyrkjekontoret

Desser møtte : Gudrun Sagneskar, Kristine Kleivland, Liv Gunn Viki, Torstein Bjørgum, Arne Tronsen, Knut Olav Uppstad, Toralv Frøysaa Lie, Margit Homme, Knut Hagen

Frå adm: Gudrun Åkre

Kopi til: Inger Rysstad, Astrid Nomeland, Gunveig Kaarvann, Karin Bøe, Bykle sokneråd, Olav Brokka, Torleif Harstad, Adam Langfelt Dassouli, Rune Stormark, Åse Gudrun Thortveit, Tommy Pytten, Frøydis Henriksen Junge

FR-52/23: Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak: Innkalling og saksliste blei godkjent

Åpningsord av Gudrun S

FR-53/23: Minnelund

I møtebok datert 25.04.2023 vart det fatta eit vedtak i sak SR-sak 25/23: sjå under:

«SR-sak 25/23: Oppgradering av gravplassane i Valle og Hylestad sokn.

Bakgrunn for sakene er fylgjande:

- Etablering av minnelund i Valle og Hylestad.
- Areal til muslimsk gravplass.
- Sikre areal til framtidig utviding av gravplassen i Valle.
- Kva gjer ein med gravmonument frå sletta graver? Skal desse takast vare på eller sanerast?

Lovgrunnlag:

§15a og §21 jmf §39 i gravplasslova regulerer anonyme og namna minnelundar.

Minnelund:

Vedtak: Soknerådet vedtek å arbeide vidare med tanke på etablering av minnelund. Ein tek oppritet frå plankontoret Hallvard Homme til grunn for vidare framdrift og legg dette fram på komande soknerådsmøte. Administrasjonen får fullmakt til å engasjere Plankontoret til utarbeiding av prosjektet. Ferdig prosjekt med økonomisk ramme vert å legge fram for soknerådet.»



Valle og Hylestad

Sokneråd

4747 Valle

TLF: 480 69 694

E-post: post@valle.kyrkja.no

I dette vedtaket er det ikkje satt opp kostnadsramme eller korleis dette skal finansierast.

For å ha framdrift i dette prosjektet så hadde kyrkjesjef møte med Plankontoret, Hallvard Homme, torsdag 19.10. Han gjekk gjennom alt som var gjort i dette prosjektet. Det er kome godt i gong og det er ynskjeleg å fullføre dette.

Han kunne tenke seg å fortsette arbeide allereie i dette året.

Hadde møte med Adam, på økonomi, same dagen. Han opplyste at det er ein rest i fond «urnelund» på kr 16000,-. AU foreslår at det innvilgast eit beløp på kr 35000,- frå disp fond nr 55699001, slik at Plankontoret kan halde fram med arbeidet» Minnelund» allereie i 2023.

Slutføring av dette prosjektet vil gjerast i 2024 og kostnadsramma til dette vil liggje på ca 35000,- til 50000,- og må bruke disp.fond 55699001.

Anleggsmessig utføring med tavle, minneplater, og opparbeiding av gravfelta til urne/kiste må ein budsjettere med ei kostnadsramme på ca 500000,- Dette må på budsjettet 2024 , disp fond 55699001. Eventuelt fordelast over to år.

Vedtak: Soknerådet har einstemmig vedteke at dette prosjektet skal halde fram.

Det innvilgast kr 35.000,- frå disp fond nr 55699001 til vidare arbeid til Plankontoret i dette året. I tillegg skal rest i fond «urnelund» på kr 16.000,- brukast til dette. Framdrift av prosjekt «Minnelund» skal halde fram i 2024 og muleg i 2025 og 2026 og det skal bruke disp.fond 55699001 til dette. Det vil kome fram når budsjett for 2024 blir lagt fram om det skal fordelast over fleire år.

FR-54/23: Zinkhatter til minnelund

Det er oppsatt gjerdestolpar og ljospunkt på Hylestad kyrkjegard.

Det vart ikkje montert dekke på desse frå starten av. For å beskytte desse har Plankontoret innhenta tibo frå ein blekkenslager, Kai Brokke.

Han har kome med eit tibo på slike «hattar». Pr. hatt kjem på kr 2000,-

Det er 85 stolpar. Kostnadane på dette arbeidet med hattar til alle stolpar kr 170.000,-

Bør innhente anbod på dette. Kyrkjesjefen fyer dette opp

Orienteringssak



Valle og Hylestad

Sokneråd

4747 Valle

TLF: 480 69 694

E-post: post@valle.kyrkja.no

FR-55/23: benker til kyrkjegardane :

Investering av kvalitetsbenkar til utplassering på kyrkjegardane i Valle og på Hylestad. Kostnad på ein benk er ca kr 25000,- . På sikt er tanken 4 benker i Valle og 4 benker i Hylestad.

Vedtak: Soknerådet vedtar at det blir investert i to nye benker i budsjettet i 2024 viss det er rom for dette. Disp.fond nr 55699001 skal i såfall nyttast.

SR-56/23: ombygging av orgel- Hylestad

Det var budsjettert i fond nr 55699013 eit beløp på kr 300000,- til ombygging av orgel i Hylestad kyrkje i 2023. Dette er ikkje gjort, og ein ser det ikkje som naudsynt etter uttale og kunnskap frå noverande organist. Desse midlane blir nedjustert til kr 0,- i år, og overført til disp.fond nr 55699001 neste år.

Vedtak: Soknerådet vedtek omdisponering av midlane på kr 250.000,- tiltenkt ombygging av orgel i Hylestad kyrkje til prosjekt «Minnelund", som har ei kostandsramme på ca kr 500.000,-.

Bakgrunnen for midlane på kr 250.000,- er at det i 2020 blei tildelt ei gåve frå Valle sparebank til ombygging av orgel i Hylestad.

Vedtaket gjeld viss omdisponering av desse midlane blir omgjort av Valle sparebank. Kyrkjesjef søker om dette på vegne av soknerådet.

SR-57/23: ENØK-varmestyring

Det var satt av eit budsjett i 2023 på kr 280000,- til dette formål fordelt på bundet og fritt fond. Det er brukt kr 50000,- av bundet fond 55199008 i 2023. Budsjettet i år må nedjustres. Det står att kr 170000,- på dette fondet.

Det står att kr 71000,- på ubundet fond nr 55699015 (ENØK) Då ikkje leverandør fekk fullføre arbeidet med dette i år pga mangel av materiale må kr 241000,- overførast til nest års budsjett.



Valle og Hylestad Sokneråd

4747 Valle

TLF: 480 69 694

E-post: post@valle.kyrkja.no

Orientering

SR -58/23: Verneplan

Arbeidet med verneplan er godt i gong.

Usikker på lengd og kostnader på dette, men ein må reikne ein kostnad i 2023 på ca kr 15000,- Finansiering må skje via disp fond 55699001.

Orienteringssak

SR-59/23: sommerkonsert

Det var budsjettet kr. 112.200 til sumarkonsert/klassisk i Setesdal sumaren 2023. Det er ikkje blitt gjennomført. Derfor vil budsjettet til dette bruk bli nedjustert i budsjettet for 2023.

Orienteringssak

Det vil kome innspel om program i 2024, f.eks orgelkonsert.

SR-60/23: valg av medl.i AU

Ein treng ein person med i AU, då sokneprest Toralv Frøysaa Lie har ein dobbeltrolle som leiar i soknerådet og som sokneprest.

Vedtak: Soknerådet stemte for at Torstein Bjørgum skulle bli medlem i AU.

Meldingssaker:

Sokneprest orienterer :

-soknerådet blir presentert på ein gudstjeneste.

Gudstjeneste i Valle kyrkje den 19.11 kl 1600 blei det bestemt at dei skal presenterast.

-Arbeider med å få i stand Alfa kurs våren 2024- orientering og invitasjon til soknerådet om å delta på dette.

-Ynskjeleg å få til ein orgelkonsert serie i 2024. Toralv og Knut Olav vil jobbe vidare med dette.

-Gunveig Kaarvann er invitert for å orientere om kyrkjevert rolla i gudstjenesten.



Valle og Hylestad

Sokneråd

4747 Valle

TLF: 480 69 694

E-post: post@valle.kyrkja.no

Gunveig orientert grundig om kva kyrkjevert rolla gjekk ut på.

Soknerådet fekk spursmål om å vere kyrkjevert på omgang.

-alle i soknerådet sa seg villige til det. Den som er satt opp som kyrkjevert har sjølv ansvar for å finne ein erstattar viss han / ho ikkje kan stille i den gudstjenesten som vedkomande er satt opp på.

Det er ynskjeleg at soknerådsmedlemene er med i desse utvalga: diakoni, trusopplæring, gudstjeneste og misjon.

Desse sa seg villige til å vere med i desse utvalga:

Diakoni: Knut Olav

Trusopplæring: Gudrun, Kristine, Margit

Gudstjeneste: Torstein

Misjon: Gudrun

-pensjonistlaget har teke kontakt med kyrkjekontoret, og stiller seg til disposisjon for soknerådet med f.eks. kjøring, besøkstjeneste eller anna.

Soknerådet diskuterte dette, og meinte at dei kan knytte dei opp mot diakoniutvalget.

Kyrkjesjef orienterer:

-møteplan: forslag til møtedatoar blei lagt fram. Ingen var ueinige i desse datoane. Møteplan over soknerådsmøte, kyrkjevert, plan over gudstjeneste og takkeoffes skal setjast opp, og overleverast så snart den er klar.

-avtale kjøring til Hægeland meinigheitshus-kurs den 21.11: Gudrun S køyrer og tar med Gudrun Å, Liv Gunn og Torstein. Avgang frå Valle kl 1500. Resterande medlemmer køyrer åleine av ulike årsaker.

Neste møte blir tysdag 28.11- budsjett for neste år skal leggjast fram



Valle og Hylestad

Sokneråd

4747 Valle

TLF: 480 69 694

E-post: post@valle.kyrkja.no

Gråter

Sokneråd r. 